Det danske sprog skal styrkes, og det skal både ske ved at man iværksætter nye initiativer og styrker de eksisterende. Det er den overordnede anbefaling fra det sprogpolitiske udvalg i rapporten «Sprog på spil. Et udspil til en dansk sprogpolitik». Udvalget har haft professor og direktør ved Det Danske Sprog- og Litteraturselskab Jørn Lund som formand. Rapporten skal danne grundlag for regeringens sprogpolitiske redegørelse, der skal forelægges Folketinget senere i år.

I rapporten anbefaler gruppen bl.a.:

- at elevernes sproglige udvikling i folkeskolen styrkes gennem en forøget indsats i skolen og på pædagog- og læreruddannelserne
- at forskningen følger en parallelsproglig strategi, hvor dansk styrkes, uden at engelsk eller andre relevante fremmedsprog nedprioriteres som videnskabs- og forskningssprog, og at for

midlingen af videnskabelige resultater på dansk styrkes

- at dansk sikres en placering i de videregående uddannelser som et hovedsprog i undervisningen
- at alle medier fastholder en sproglig korrekthed og udvikler en øget forståelse for sproglig variation
- at der på det dramatiske, litterære og filmiske område fortsat arbejdes med og udvikles støtteformer, der tager sigte på udviklingen af sproget gennem kunsten
- at den offentlige sektor målretter sin kommunikation til borgerne
- at dansk som erhvervsprog på alle niveauer sidestilles med fremmedsprog
- at man i både institutioner og hjem fremmer børns sprogudvikling ved at give gode rammer for samtale, fortælling, oplæsning, sang og leg.

Rapporten kan læses her:

<http://kum.inforce.dk/sw6567.asp>

Språket og det heilage: arabisk og islam

KNUT S. VIKØR

AT SPRÅK OG RELIGION kan henge saman, kan ein lett sjå ved tilfellet arabisk og dei banda språket har til islam. Arabisk er eit moderne brukspråk og ikkje noe avgrensa sakralt språk. Likevel er historia til arabisk – og til arabarane – knytt til islams historie, og ein kan ikkje forstå det eine utan det andre.

Vi kjenner lite til språket arabisk før profeten Muhammads tid. Nomadane på den arabiske halvøya snakka dialektar som må ha vore ganske like det seinare skriftspråket. Lenger nord, i kulturbyar som Palmyra i Syria og nabatearanes hovudstad Petra, var arabisk talespråket iallfall rundt 100-talet av vår tidsrekning, medan arameisk, eit anna semittisk språk, var statusspråk og skriftspråk.

Det starta med Koranen

Startpunktet for det arabiske skriftspråket vi kjenner, er den openbaringa profeten Muhammad fekk frå Gud, Koranen (al-Qur'ân). Muslimane insisterer på at Muhammad sjølv var alfabet, noe som er uttrykt i den klassiske historia om korleis han fekk si første openbaring: Han satt ute i øydemarka for å meditere, da ein overmektig skapning viste seg for han berande på ei bok i grøn fløyel, og befalte: «Les!». Profeten protesterte: «Eg kan ikkje lese,» men skapningen tok han,

sa Muhammad seinare, og pressa ansiktet hans mot boka «så eg knapt kunne puste». Til sist sa Muhammad, «Kva skal eg da lese?» og skapningen resiterte for han det første verset som vart openbara: «I namnet til din Gud som skapte deg ...»

Denne anekdoten, som stammar frå ein profetbiografi vel eit hundreår seinare, viser kor viktig boka, skrifta, var for dei tidlige muslimane, men også at tekst og resitasjon var nær samanknytt. *Qur'ân* kjem av verbet *qara'a*, «å resitere» eller å lese, så Koranen betyr «det som skal resiteras». Muhammad resiterte også openbaringane etter som dei kom fram til han, og tilhengarane la ordlyden på minnet, men dei vart trulig også skrive ned som enkeltvers eller småbitar i hans eiga tid. Prosessen med å samle desse spreidde notata skal etter tradisjonen ha starta mellom ti og tjue år etter Profetens død, og det er trulig historisk.

Dei første systematiske forsøka på å konstruere arabisk skrift

Det er i denne prosessen med å skrive ned den heilage teksta at vi finn dei første systematiske forsøka på å konstruere ei skrift for arabisk. Det har nok alt før eksistert noteringssystem for økonomiske formål i byar som Mekka, i ei skrift henta frå nabateara-

ne i nord. Ho var likevel berre brukt som ei støtte for minnet, og var ganske enkel. Same teikn kunne bli brukt for ulike konsonantlydar (fordi nabateisk hadde færre konsonantar), det var t.d. same teikn for *b*, *t*, *th*, *n* og *y*. Korte vokalar har ofte underordna betydning i semittiske språk, og vart ikkje notert i det heile, for lange vokalar brukte ein konsonantteikn. Så lenge skrifta berre skulle hjelpe til å minne om ei tekst som var innlært frå før, var det heller ikkje naudsynt med meir detaljar.

Men ettersom denne spesielle teksta Koranen var så viktig, vart det etterkvart klart at ein måtte ha meir utvitydige noteringsformer, og enda meir da ein begynte å ta skrifta i bruk også til andre former for prosa utover 700-talet. Ein skilte derfor mellom dei ulike betydningane av kvar bokstavform ved å sette ein til tre prikkar anten over eller under teiknet («diakritiske teikn»), mens ein markerte korte vokalar ved å skrive ein kort strek over eller under konsonanten.

Dette var ikkje eit nytt påfunn, modellen kom trulig frå syriakisk skrift. Ein viktig grunn til å gjere det slik og ikkje t.d. lage seg heilt nye bokstavar, var også det religiøse opphavet til teksta. Når ein skilte mellom bokstavane ved å skrive prikkar ved det eksisterande teiknet, slapp ein å *endre* den teksta som Gud hadde openbara. I staden gav ein berre eit *tillegg* for å klargjere lesemåten, det opprinnelige skriftbildet stod der uforandra i sentrum. Dette var i seg sjølv omstridt, mange lærde sette seg mot at ein skulle legge til noe i det heile, og i over hundre år finn vi Koran- og andre tekst-er med og utan diakritiske teikn ved

sida av kvarandre, før desse fekk overhand i skrifta. (I dag er det omvendt, Koranen er nå den einaste teksta på arabisk som heilt konsekvent blir trykt med alle vokalteikn på plass, fordi det ikkje skal vere noen uklarheit om uttale og betydning. I andre tekster er dei korte vokalanane som oftast utelatt, sidan dei er av mindre betydning for forståinga.)

Hovudbry for grammatikarane

Dette har hatt spesiell betydning for ein enkelt bokstav, som gav stort hovudbry for grammatikarane. Det gjaldt hokjønnsendinga for substantiv. Den vart uttalt «-at»; utan vokalar skrive -t (ei «standardform» med to prikkar over, ṭ). Men i Koranen var den skrive -h i slutten av ordet, men ganske riktig -t- dersom det kom eit suffiks etterstilt. Dette meinte ein var ein dialektuttale i Mekka på Muhammads tid som ikkje var i tråd med standard arabisk. Men ein kunne ikkje endre den -h-forma som var skriffest. I staden sette ein dei to prikkane frå t-en over dette h-teiknet i hokjønnsendinga. Dermed fekk vi ein eigen bokstav, kalla «*ta marbuta*» [bunden -t], ein *h* med to prikkar over, ḥ, som berre brukas i denne eine posisjonen: i hokjønnsending av substantiv utan suffiks. (I dag er -t-en uttalt berre i sammentrekningar, elles er uttalen berre -a.) Dette viser altså kor sentral den religiøse bakgrunnen og Koranens status var for utviklinga av det arabiske skriftspråket i tidlig tid.

Dette kom ikkje berre av at Koranen var Guds ord i og for seg, men at Koranen var sjølv Gudsbeviset. Koranen er ifølgje islam den

«perfekte teksta» og kan ikkje imiteras. Det mirakelet som beviser at Muhammad er ein profet, er at han fekk den «imitasjonslause» Koranen openbara. Det låg naturlegvis også i dette ein kritikk av dei som før hadde fått openbaringar av Gud, jødane og dei kristne. Gud hadde også gitt sin sanne bodskap til deira sendebod, Abraham, Moses og Jesus. Men deira openbaringar hadde ikkje blitt skriftfest i nær samtid, derfor hadde menneska gløymt eller ubevisst forvridd bodskapen. Derfor er Muhammads bodskap den som må vere den rette, fordi han har ei fast og nedskriven form slik orda vart overlevert frå Gud, og derfor kan desse ikkje endras.

Den religiøse autoriteten er altså festa i Koranen og statusen han har som Guds direkte tale. Det at han er gitt på arabisk, gir arabisk ein eigen status som språk i islam. Gud seier sjølv i Koranen: «Eg har gjort han til ein arabisk Koranen slik at de kan ta visdom» (K. 43:2). Om denne særlege statusen kunne overførast på arabarane som folk, var eit anna spørsmål. Folkenamnet 'arabar' er ikkje nemnt i Koranen i det heile, berre 'dei truan-de'. Arabaranes rolle i islam er derfor meir eit historisk enn eit teologisk spørsmål.

Islam er en religion for alle folkeslag

Mot fokuseringa på det arabiske låg det i innhaldet til islam at det var ein universalistisk religion, ein religion for alle folkeslag. Som vi veit, spreidde islam seg raskt med den arabiske ekspansjonen, det tok vel eit hundreår frå Muhammads død da knapt den arabiske halvøya var muslimsk, til arabar-

ane styrte eit verdsrike frå Gibraltar til India. I grove trekk kan ein vel seie at dette riket det første hundreåret var først og fremst eit *arabisk* rike. Arabarane tok med seg islam, men hadde ikkje hastverk i å spreie religionen til dei erobra folka; i staden skaffa dei seg privilegium i riket som arabarar og erobrarar. Andre folk som omvendte seg til islam, vart ikkje likestilte borgarar av den grunn.

Arabisering og islamisering

Men denne haldninga kunne ikkje vare ved, ettersom sjølve erobringa vart til fortid og fleire og fleire av innbyggjarane slutta seg til religionen. På 900-talet hadde folkefleirtalet i alle provinsar av riket, frå Spania til Sentral-Asia, trulig blitt muslimar, sjølv om det fortsett var kristne og jødiske minoritetar. Etter eit regimeskifte i 750 vart arabaranes særrettar fjerna, og riket vart meir og meir til eit *muslimsk* rike heller enn berre arabisk. Dei som snakka andre språk, tyrkarar, persarar, kurdarar og andre, fekk stadig meir viktige stillingar (sjølv om kalifen sjølv måtte vere arabar), og etter kvart vart den etniske bakgrunnen av lita betydning; vi kan som oftast berre gjette oss til den ved å sjå på fødestad eller namn til dei leiande i samfunnet. I ein viss grad gjekk islamiseringa saman med ei arabisering; folk skifta språk og tok arabisk som morsmål. Viktige språk som arameisk i Syria og koptisk og demotisk i Egypt forsvann heilt eller på nær og vart erstatta med arabisk. I noen grad kom dette også av nye og breiare folkeflyttingar, som då Banu Hilal-stammene spreidde seg utover Nord-Afrika frå 1000-talet. Dei

to tinga gjekk sikkert også hand i hand, innflyttarane blanda seg med dei fastbuande, og etterkommarane tok arabisk språk og identitet.

Tunge innslag av arabiske lånord

Men mange språk overlevde også, slik som berberspråka i Nord-Afrika og Spania (i Andalus, det muslimske Spania, var folkespråka dels arabisk og dels berbisk) og persisk og kurdisk i aust. Av desse var det persisk som raskast utvikla seg til eit nytt skriftspråk, nå i tilpassa arabisk skrift og med tungt innslag av arabiske lånord (opptil halvdel av vokabularet i moderne persisk), men med eigen grammatikk og språkstruktur. Tyrkarane som kom frå Sentral-Asia frå 900-talet og utover og slo seg ned i Anatolia, tok vare på og utvikla sitt eige tyrkiske språk, også det med sterke innslag av arabiske (og persiske) lånord.

Kunnskapsspråka arabisk, persisk og tyrkisk

Men språkgrenser og etniske grenser var ikkje så opplagte som i dag. Dei fleste med noen lærdom kunne alle dei tre kunnskapsspråka, arabisk, persisk og tyrkisk, og brukte dei i ulike kontekstar, arabisk i religion, persisk litterært og tyrkisk administrativt. Kva som var 'identiteten' til ein lærd person, kan ha vore tilfeldig; alt frå tidlig tid ser vi at dei fremste vitskapsfolka i arabisk språkvitskap har persiske namn, så som Sibawayhi, Fayruzabadi mfl. Under osmanane var ein person med noen status *osmanar*, korkje arabar eller tyrkar, uansett kor han kom frå. Først på 1800- og 1900-talet vart ein arabisk nasjonal identitet utvikla,

og med det ein renessanse for arabisk som bruksspråk i alle former for prosa.

Ikkje berre sakralt språk

På denne måten har arabisk fått eit tosidig forhold til religionen islam. Det er Koranens språk, og dermed islams språk, med ei historie knytt til religionens historie. Men det er ikkje eit sakralt språk i den forstand at det er faststivna eller reservert for bestemte typar bruk. Den arabisk som er brukt i Koranen, er i prinsippet same språket som blir brukt i moderne medium om dagligdagse ting, og som har tatt opp i seg endringar både i syntaks og vokabular ut frå dei språkendingane som særleg den moderne tida har ført med seg. Noen ting ligg nok meir fast enn i andre språk, slik som at språkvariasjonane mellom ulike arabiske land blir oppfatta som «dialektar» heller enn nasjonalspråk, og at desse dialektane i liten grad blir skriftfest (dette er omtalt i ein eigen artikkel i dette nummeret). Men denne ideologiske bindinga til at alt arabisk er eitt språk og knytt til det klassiske skriftspråket, kjem vel så mye frå ei nasjonalistisk oppfatning av arabisk ein-skap, at arabarane er eitt folk, som av religionen. I den arabiske nasjonalismen har språket vore kanskje den mest sentrale kjernen i omgrepet «den arabiske nasjonen», mens religionen islam spelte ei mindre rolle som ein del av den fellesarabiske kulturarven, men som mange andre folkeslag også har tatt del i.

Muslimar av andre nasjonalitetar har også frigjort seg meir frå det ara-

Framhald side 48

Frå Ibn Ahmad til Abu Ummar: om arabiske namn og tradisjon

KNUT S. VIKØR

ISTUDIETIDA arbeidde eg med biografien til ein islamsk lærd frå Marokko. Han studerte hos ein viktig teolog og reformator som heitte *Ahmad ibn Idris al-Fasi*. Men då eg begynte å lese skriftene til den lærde mannen, syntes eg det var pussig at han nesten aldri refererte til denne læraren. Han skreiv tjukke bøker om alle teologane og dei lærde som han hadde studert saman med, men Ahmad var ikkje mellom dei. Derimot hadde han å sjå til eit nært forhold til ein annan lærd teolog, ein som heitte *Abu al-Abbas al-Ara'ishi*. Han var derimot heilt ukjent frå andre kjelder, og eg brukte mye tid på å prøve å finne ut noe om denne ukjente teologen.

Heilt til eg kom over noen nye biografiske kjelder om denne Ahmad ibn Idris. For, viste det seg, han var slett ikkje fødd i Fez, som namnet *al-Fasi* skulle tyde på – han hadde berre budd der i noen år. Han kom i staden frå ein liten landsby nær Larache ute ved kysten. Da gjekk det eit lite lys opp for meg, for den arabiske forma for *Larache* er *al-Ara'ish*. Og dei som heiter *Ahmad*, får ofte tilnamnet *Abu al-Abbas*. Så *Ahmad ibn Idris al-Fasi* og den mystiske *Abu al-Abbas al-Ara'ishi* var same mannen. Ingen av desse namna var «kjælenamn» eller noe slikt, begge var fullverdige og komplette namn, på

same personen, sjølv om ikkje noe element i det eine namnet kan finnas att i det andre.

Vi er jo, iallfall i det moderne Noreg, vant til at namn er noe relativt permanent og einskaplig som følgjer ein person gjennom livet, om enn ein kan sjonglere noe med mellomnamn og familienamn. I den arabiske tradisjonen, derimot, er det betre å sjå på eit namn som ein sum av namnekjelder der ein person kan hente element og sette saman ei nemning som han anten kan bruke alltid, eller endre på, eller ta noen delar inn eller ut av etter ønske og behov. Det er ofte meir ei beskriving av aspekt ved personen enn eit substitutt for eit totalt individ.

Eigennamnet: ism

Om vi ser på dei ulike komponentane («modulane») som til saman kan utgjere eit namn, er det mest basale sjølve eigennamnet, *ism* på arabisk, som alltid berre er eitt enkelt namn. Trass i ein rik flora av eigennamn ser vi at noen få eigennamn går att mye oftare enn andre, særlig dei som er knytt til islams oppkomst. Det langt mest brukte mannsnamnet er *Muhammad*, etter profeten.

Muhammad betyr «den lovpriste». Mange andre eigennamn er avleidd av same innhaldet. Dei mest brukte er

Ahmad, Mahmud, Hamid, Humayd, Hamdan, og det fins fleire. Som ein ser, har desse namna dei tre konsonantane *h-m-d* felles, og dette er den meiningsberande delen av orda, og den heng saman med «å prise». Formene rundt – vokalane, prefiks som *Mu-* eller *Ma-*, suffiks som *-an* – presiserer innhaldet: «den mest priste», «den prisverdige», «den som priser [Gud]», osv.

Andre mye brukte eigennamn er tilnamn som vart lagt til profeten, for utan *Ahmad* også *Mustafa*, «den utvalde». Andre eigennamn har ikkje noe religiøst innhald, men dei vart brukt av dei tidlige leiarane i riket og profetens følgjesmenn, slike som *Umar*, *Uthman* el. *Osman* og *Ali*. Ei særlig gruppe eigennamn kjenner vi godt frå vår eigen kultur, det er namna til profetane før Muhammad, dei som islam jo deler med kristendommen. Slike er altså *Ibrahim* (Abraham), *Musa* (Moses) og *Isa* (Jesus). Andre bibelske namn er *Harun* (Aron), *Dawud* (David), *Ishaq* (Isak), *Jibril* (Gabriel), *Yahya* (Johannes), *Ayyub* (Job) og *Sulayman* (Salomo).

Ein annan type *ism* er reint religiøs og betyr 'Guds tenar', anten rett fram, *Abd Allah* eller *Abdullah*, men oftare med eitt av dei nittini synonyma for 'Gud', som *Abd al-Rahman* og *Abd al-Rahim* (tenar til den miskunnsame), *Abd al-Qadir* (tenar til den handlingsrike), *Abd al-Aziz* (tenar til den mektige), *Abd al-Karim* (tenar til den velgjerande), som alle er aspekt ved guddommen. Alle desse består av *Abd* (tenar) og gudsattributtet. Noen av dei siste kan vere eigennamn i seg sjølv når dei viser til ein menneskelig eigenskap, slik som *Karim*, velgjerande. Men dei fleste av dei kan berre vise til Gud, og

når vi bryt dei opp og t.d. bruker *al-Nasir* (Nasser) åleine i staden for *Abd al-Nasir*, kallar vi i grunnen mannen 'Gud'.

Farsnamn

Sidan eigennamna er så ulikt fordelt, med enorm overvekt på dei religiøse, må ein kunne skilje mellom dei som heiter *Muhammad* (kanskje ein firedel av alle muslimar). Det gjer ein ved å legge til *ibn* «son av ...»: *Muhammad ibn Ahmad*, Muhammad, son av Ahmad. Nå fins det mange ahmadar som har kalla son sin *Muhammad*, så ein kan legge på eit slektsledd til: *Muhammad ibn Ahmad ibn Muhammad*. I nyare tid kutter ein av og til ut *ibn* og seier t.d. *Muhammad Ali*. Det er det same som *Muhammad ibn Ali*.

Dette er den mest formelle måten å beskrive ein person på. Alle personar har ein og berre ein *ism*, og alle har ein far og ein farfar, så om ein veit kva dei heiter, vil ein alltid finne fram til den rette personen. Klassisk arabiske leksikon og oppslagsverk ordnar derfor personar etter namn og farsnamn. Men det er strengt tatt inga grense for kor langt bakover ein kan gå, om ein berre kjenner slektslina: Ein kan ende opp med *Ibn Adam*, son av Adam, eller iallfall, og det er svært ettertrakta, *Ibn Husayn ibn Ali*, det vil seie ein profetens etterkommar.

Namn og slektsline, genealogi, flyt altså over i kvarandre. Ein biografi kan starte slik: «Han heitte Mustafa ibn Umar ibn ...» og slik kan ein fortsette med fleire ledd tilbake så langt ein kan komme, ei halv side eller meir, tilbake til profeten. Til vanlig blir likevel berre dei første to-tre ledda nytta. Dei to

viktigaste arabiske biografiske leksikona i dag bruker berre farsnamna til å sortere personane etter, sjølv om andre namn er meir kjente. Det eine leksikonet tar inn så mange ledd som trengs for å skilje to personar, vanligvis opp til fire ledd. Det andre bruker berre to, eigennamn og farsnamn, og sorterer vidare etter dødsår.

Sonenamn: kunya

I tillegg til dette eigennamnet kan ein person ha eitt eller fleire deskriptive namn. Vi møtte to hos vår mann *Abu al-Abbas al-Ara'ishi*.

Det første av dei er teknisk sett det motsette av 'son av', nemlig *Abu* 'far til' eller *Umm* 'mor til' med eigennamn til son eller dotter etter: *Abu Muhammad*, *Umm Salim*. Dette sonenamnet, *kunya*, kan vere heilt konkret: Når ein mann får ein son og kallar han *Umar*, kan han sjølv bli heitande *Abu Umar*. Det blir altså ein slags indikator på at ein har nådd eit nytt stadium i livssyklusen.

Men slike abu-namn kan også få vidare bruk. Vi nemnte at ein som heiter *Ahmad*, ofte blir tillagt *kunya*-namnet *Abu al-Abbas*, far til al-Abbas, uansett om han har ein son med det namnet eller noen son i det heile. Det er eit av fleire stereotype *kunya*-namn der eit eigennamn blir knytt til eit bestemt sonenamn. Dei som heiter *Muhammad*, får ofte tilnamnet *Abu Allah*, *Abd Allah* osv.

Namnet kan også brukas figurativt og bli knytt til eit omgrep i staden for eit sonenamn. Det møter vi alt i namnet til den første kalifen, *Abu Bakr*, som trulig betyr 'far til ein ungdom'. Han hadde trulig eit anna *ism* (*Abd*

Allah og *Atiq* er nemnt i noen kjelder), men det er gløymt, og *Abu Bakr* er gjennom han nå blitt eit eigennamn, eit *ism* i seg sjølv. I moderne tid har slike abu-namn også blitt brukt som dekknamn, spesielt i den palestinske geriljaen. Der har alle PLO-leiarane eit dekknamn som består av *Abu* med eit krigersk eller mobiliserande tillegg: *Abu Jihad*, *Abu Iyad* (far til styrken), *Abu Nidal* (far til kampen) osv. Yasir Arafat går framleis ofte under namnet *Abu al-Ammar*, som viser til «den byggande og sterke i trua», mens den nye statsministeren *Mahmoud Abbas* også heiter *Abu Mazin* 'han som går den strake vegen'.

Beskrivande namn: nisba

Abu-namnet kan altså variere og beskrive ein tilstand i tillegg til det konkrete. Enda meir beskrivande er den kanskje mest produktive delen av namnet, som blir kalla *nisba*. Det kan vi omsette med 'forholdsnamn', det som viser kvar personen kjem frå eller høerer heime, kva han står i forhold til. Grammatisk er desse namna adjektiv, dei står alltid i bestemt form (med *al-*) og har suffikset lang *-i*.

Det kan t.d. vise til kva by eller land personen kjem frå: *al-Baghdadi* kjem frå Bagdad, *al-Dimashqi* frå Damaskus. Vi kunne seie 'bagdadaren' og 'damaskusaren' på norsk. Vi bruker hos oss det same i 'nasarearen', og dette, *al-Nasrani*, er også eit arabisk namn på Jesus. Men det kan i tillegg vere namn på ein som følgjer Jesus, og er eit vanlig ord for 'kristne'.

Slike forholdsnamn kan også vise til kva stamme ein kjem frå: *al-Kindi* har opphav i kindastammen, eller dei

kan vise til religiøs tilknytning: *al-Qadiri* høyrer til det islamske qadiriya-brorskapet, *al-Nusayri* til denne greina av shi'a-islam. Ein person kan ha ingen, ein eller mange *nisbaer*, og det er ikkje alltid dei same som blir brukt om same personen. I biografiske leksika kan vi sjå at ein person står som *Ahmad ibn Umar al-Kindi al-Baghdadi aslan al-Dimashqi maqaman al-Istanbuli wafa'an'*. Orda mellom namna betyr 'av fødsel', 'i bustad', 'ved død'. Han var fødd i Bagdad, budde i Damaskus og dødde i Istanbul. Beskrivinga av livsløpet skil inn i namnet utan tydelig overgang. For så vidt kunne kva som helst av desse forholdsnamna bli brukt som namn på personen, og han kan ha blitt omtalt som *Ibn Umar al-Dimashqi* da han budde der, eller kanskje helst etter at han hadde flytta til neste plass: han som 'kom hit frå Damaskus'. Men i ei bok om islamsk teologi kan han godt bli omtalt som *Ahmad ibn Umar al-Qadiri*.

Nisbaer er den langt vanligaste måten å lage 'beskrivingar' av ein person til eit namn på, men det fins også andre, som f.eks. profesjonsnamn, av typen *al-Attar* (parfymeseljar) og *al-Zajjaj* (glasmeister), eller honnørord, eit slikt som presidenten i Syria har fått: *al-Assad* (løva). Eller personar kan få namn som kanskje ikkje er så ærefulle: *al-Majdhub* (den åndebesette eller sinnssjuka). Ein vel ikkje sjølv det namnet ein – og kanskje etterkommarane (*Ibn al-Majdhub*) – blir kjent under.

I mellomalderen hadde ein del sultanar ein tendens til å ta tronenamn som inneheldt eit program: *Izz al-Din* 'religionsbeskyttar', *Nur al-Din* 'lys for religionen', *Sayf al-Dawla* 'statens sverd',

Mujib al-Rahman 'han som svarar på Guds kall'. Mange av desse har seinare glidd inn i språket som *ism*, eigenamn, på line med *Abd al-Rahman* og andre som dei liknar på grammatisk. Men teknisk er dei forskjellige, dei kom i tillegg til personens *ism*.

Det er heller ikkje alltid lett å vite når eit namn er fysisk beskrivande, og når det er brukt i overført betydning. Den kjende historikaren Ibn Khaldun skulle etter namnet vere son av ein mann *Khaldun*. Men *Khaldun* er eit fleirtalsord, ikkje eit eigenamn. Det er i realiteten ein stamme, og han kunne like godt vore kalle *al-Khalduni*, 'khalduaren' med adjektivforma. Også dette finn vi i tidlige kjelder; same personen kan av og til bli kalla *Ibn Fulan*, av og til *al-Fulani*.

Namn og kjelder

Dette gir inntrykk av kaotiske forhold. Realiteten er ikkje fullt så ille. Alle desse ulike namneformene er som nemnt kjelder som eit namn kan komponeras ut frå. Berre noen få av dei vil i realiteten bli brukt om kvar enkelt person, og mange menneske vil trulig berre gå under eigenamn og farsnamn eller ein annan fast kombinasjon heile livet. Men det mest vanlige vil nok likevel vere at personar skifter ut noen delar av namnet eller er kjent under ulike nemningar opp gjennom livet, og dess meir han flytter på seg eller opptrer i ulike samanhengar, dess større variasjon vil det vere.

I moderne tid har dette klassiske systemet gått gjennom ulike endringar, på same måte som gardsnamn og farsnamn er blitt til «familienamn» i vårt samfunn. Noen prominente fami-

liar begynte alt tidlig å bruke slike familienamn. Vi finn fram til i dag familiane *al-Iraqi* og *al-Siqilli* i Marokko. Forfedra deira flytta frå Irak og Sicilia på 900-talet og 1000-talet, men namna vart bevart fordi det hadde status (men ikkje alle individa i familien brukte det nødvendigvis). Dette har begynt å bli meir vanlig i vår tid. Ein *Umar*, son av *Ali Muhammad* [*Ali ibn Muhammad*] kan, i staden for å kalle seg *Umar [ibn] Ali* på klassisk vis skrive seg for *Umar Muhammad*. Det siste går dermed over frå å vere eit fars-

namn til å bli eit etternamn og familienamn.

Det er spesielt emigrasjon og kontakten med vestlige system som legg press i retning av å velje eitt namnelement som 'etternamn'. Ein slik overgang er ikkje utan problem, og det hjelper lite når tilfeldig transkripsjon til latinsk skrift kjem i tillegg, når det i eitt papir står *Ziaurrehman* og i eit anna *Al-Rahman, Diya* for same namnet. Derfor er det ofte lurt å prøve å finne ut kva som 'eigentlig' står, ved å sjå litt nærare på kva type namn ein har å gjere med.

Sylfest Lomheim direktør ved nytt kompetansesenter for norsk språk

Kultur- og kyrkjedepartementet har tilsett Sylfest Lomheim som direktør for den nye institusjonen som skal avløysa Norsk språkråd. Institusjonen er førebels omtala som eit kompetansesenter for norsk språk. Sylfest Lomheim er fødd i 1945. Han er utdanna filolog ved Universitetet i Oslo med norsk som hovudfag. Han er tilsett ved Høgskolen i Agder, der han har omsetjingsteori og omsetjingsutdanning som spesialområde. Dei siste tjue åra har han hatt fleire fagleg-administrative og politiske verv, mellom anna som rektor ved distriktshøgskolen i Kristiansand frå 1987 til 1992. Sylfest Lomheim har i mange år vore knytt til NRK, både som språkkonsu-

lent og programmedarbeidar, og er mellom anna kjend frå programmet *Språkteigen*. Han har publisert fleire bøker og artiklar om språklege og språkpolitiske spørsmål. Den nye institusjonen som Lomheim blir leiar for, skal etablerast gjennom omdanning av Norsk språkråd. Lomheim byrjar i stillinga 1. januar 2004, men har alt frå i haust vore med i arbeidet med å greia ut korleis den nye institusjonen skal innrettast. Departementet vil koma tilbake til Stortinget med dette spørsmålet i 2004. Inntil den nye institusjonen er formelt etablert, vil direktøren vera leiar for sekretariatet i Norsk språkråd.

Om språkforholdene i Pakistan I

Urdu, Pakistans nasjonalspråk

FINN THIESEN

URDU ER Pakistans nasjonalspråk og det dominerende språket i pakistansk presse, radio og TV, men på sett og vis er urdu ikke noe pakistansk språk. Det finnes intet egentlig urdu-talende område i Pakistan, og bare en liten minoritet av befolkningen i landet har urdu som morsmål. Hva er da urdu egentlig for et språk? Dersom man slår opp i et leksikon under urdu, vil man få vite at urdu tilhører den indoariske gren av de indoeuropeiske språk, at det ikke bare er Pakistans nasjonalspråk, men også ett av Indias nitten offisielle språk, og at det i 1996 ble talt av 54 584 000 mennesker. Disse tilsynelatende eksakte opplysninger er i virkeligheten temmelig intetsigende og misvisende. På den ene side kan det neppe være tvil om at den urduen som det undervises i på skoler og universiteter i Pakistan og India, er morsmål for langt færre enn 54 millioner mennesker. På den annen side forstås enkel talt urdu sikkert av langt over 500 millioner mennesker.

Hvis man vil gjøre seg et begrep om hva betegnelsen urdu egentlig dekker, blir man nødt til å se litt nærmere på språkets historie. Gjennom hele middelalderen og til engelskmennene erobret India var størsteparten av Nord-India under muslimsk herredømme. De aller fleste av de muslimske her-

skerne var av tyrkisk eller persisk avstamning, og deres administrasjonsspråk var persisk. Herskerne betegnet under ett de forskjellige indiske språk som undersåttene snakket, som *hindi*, et *persisk* ord som rett og slett betyr «indisk».

Persiske og arabiske lånord

Blant de mange muslimske fyrstene var sultanene i Delhi de viktigste, og under stormogulenes dynasti (1526–1858) ble Delhi hovedstad for hele Sør-India. Den varianten av «hindi» (= indisk) som ble talt i hovedstaden, hadde naturligvis særlig stor prestisje, og etter hvert fikk den status som felles standardspråk for de mer eller mindre nær beslektede dialektene som ble talt fra Panjab i vest til Bihar i øst, samt utenfor dette området i garnisonsbyer som f.eks. Haidarabad (Hyderabad) i Sør-India. På 1700-tallet hadde Delhi-dialekten blitt handels- og samkvemsspråk (*lingua franca*) ikke bare i hele Sør-Asia, men også i havnebyene rundt Indiahavet: Aden, Zanzibar m.fl. Samtidig innsnevret ordet *hindi* sin betydning til bare å betegne det fellesindiske *lingua franca*, som var basert på Delhi-dialekten.

Opp gjennom middelalderen hadde den muslimske overklassens språk vært persisk (og delvis også tyrkisk), og det

hadde funnet sted en stadig innvandring av persisktalende muslimer fra Iran og Sentral-Asia. Men etter en siste stor innvandringsbølge i første halvdel av 1500-tallet opphørte samkvemmet mellom Iran og den muslimske overklassen i India, som etter hvert gikk over til å bruke hindi som talespråk, mens persisk fortsatt fungerte som skriftspråk. Omkring år 1600 begynte man også å *skrive* hindi, og til dette formål brukte man, akkurat som på persisk, arabisk skrift. Etter hvert vokste det også frem en rik litteratur (som vi i dag kaller den klassiske urdulitteraturen). Til sist hadde hindi nesten helt fortrenget persisk som kultur- og skriftspråk for den muslimske overklassen i Sør-Asia. Man kan si at den muslimske eliten fortsatte de persiske litterære tradisjonene, men på et indisk språk. En av konsekvensene var at hindi, som i utgangspunktet hadde vært et rent indisk språk, ble stappfullt med persiske og arabiske låneord.

Hinduismen av hindi

Omkring år 1800 oppstod det en bevegelse blant hinduene for å hinduisere hindi. Språket skulle skrives med den innfødte devanagariskriften, og de mange persiske og arabiske lånordene skulle erstattes med ord tatt fra sanskrit, Sør-Asias klassiske oldtidsspråk. Godt hjulpet på vei av engelskmennene førte denne bevegelsen til fremveksten av det språket som i dag betegnes med ordet *hindi*. Den muslimske varianten av språket fikk etter hvert betegnelsen *urdu*, en forkortelse av *zabân-e urdu-e mu'allâ*, som egentlig betydde «språket ved stormogulens hoff». Hindi var på denne måten blitt kløvd i

to: *hindi* skrevet med indisk skrift som bærer av hindukulturen, og *urdu* skrevet med arabisk skrift som bærer av muslimkulturen.

Urdu og hindi har (bortsett fra helt uvesentlige detaljer) felles grammatikk, felles lydssystem og felles basalt ordforråd. Derimot er den religiøse, litterære og til dels også den tekniske terminologien meget forskjellig. Derfor er urdu og hindi på noen nivåer så like at man vanskelig kan høre forskjell på de to språkene, mens de på andre nivåer er så forskjellige at de må kalles innbyrdes uforståelige. Samtidig snakker de fleste innfødte verken ren urdu eller ren hindi, men heller en mellomform mellom de to språkene. Dette gjelder særlig hinduene i India, som ofte kombinerer et nokså puristisk hindi skriftspråk med et talespråk som står standardurdu nærmere enn standardhindi.

Da Pakistan og India ble selvstendige i 1947, omfattet urdu og hindi hele den nåværende indiske delstaten Uttar Pradesh samt deler av nabolandstatene. Dessuten ble urdu oppfattet som felles kulturspråk for alle Sør-Asias muslimer, mens en enklere variant av urdu under betegnelsen *hindustani* ble brukt som lingua franca på lavere nivå der engelsk ble brukt på høyere nivå.

Urdu har sitt opphav i India

Selv om det egentlige urdu- (og hindi-) talende området lå i India og ikke i Pakistan, gjorde Pakistan likevel urdu til sitt nasjonalspråk fordi det gikk for å være de sørasiatiske muslimenes felles kulturspråk. Pakistan var nemlig tenkt som alle sørasiatiske muslimers felles hjemland. Frem til 1971 innvand-

ret det ca. 3 000 000 urdotalende muslimer fra India til Pakistan. De kalles *muḥājir* og bor hovedsakelig i Karachi. Sammen med sine etterkommere utgjør de den lille urdotalende minoriteten i dagens Pakistan. Den best kjente *muḥājir* er uten tvil landets diktator, Parvez Musharraf, den eneste *muḥājir* som noen gang har vært stats- eller regjeringssjef i Pakistan. Omtrent to tredjedeler av Pakistans befolkning har *panjabi* som morsmål. Imidlertid bruker de fleste av dem ikke *panjabi*, men urdu som sitt skriftspråk, og en del av dem oppfatter faktisk urdu som sitt førstespråk selv om de trolig snakker *panjabi* seg imellom. Antall personer i Pakistan som enten har urdu som morsmål, eller som oppfatter det som sitt førstespråk, også uten egentlig å ha det til morsmål, må ligge i nærheten av 12 millioner. Det må antas at mer enn 90 % av befolkningen i Pakistan forstår urdu. På grunn av den uklare og flytende grensen mellom urdu og hindi i India blir det heller vilkårlig hvor mange urdotalende man vil regne med totalt. Det som står fast, er at urdu forstås av langt over 500 millioner mennesker.

Panjabi er morsmål for de fleste

I Norge finnes det ca. 25 000 innvandrere fra Pakistan. De aller fleste av dem har *panjabi* som morsmål. Likevel oppfatter en stor del av dem urdu som sitt førstespråk. Den såkalte morsmålsundervisning som deres barn fikk i norske skoler, var urduundervisning. NRKs programmer for pakistanere er på urdu, og det er urdu deres barn lærer i moskeene (i tillegg til å lære å lese Koranen).

Urdu er som nevnt stappfullt med persiske og arabiske lånord og skrives med arabisk skrift. Derfor tror mange urdotalende at språket ikke er noe indisk språk, men beslektet med persisk og arabisk. I virkeligheten tilhører urdu den indoariske grenen av de indoeuropeiske språkene og er således nær beslektet med nordindiske språk som bengali, marathi, gujarati, *panjabi* og *sindhi* m.fl. og stammer akkurat som dem fra talespråksvarianter av det gammelindiske språket sanskrit. Språket er følgelig en fjern slektning av norsk, og slektskapet kan fortsatt fornemmes her og der, f. eks. i tallene fra en til ti, som på urdu lyder: *êk, do, tîn, câr, pânc, che, sât, âTh, nau, das*.

Lydsystemet i urdu har få vokaler, men mange konsonanter, således hele 8 t-lyder: *t, T, th, Th, d, D, dh, Dh*. [Store bokstaver betegner her retroflekse konsonanter som vi kjenner fra norske ord som (*en*) *bart* og *burde*.] For å holde alle disse atskilt kreves det en meget nøyaktig artikulasjon av konsonantene, noe som bidrar til å gi språket den metalliske klangen som også kan høres i engelsk uttalt med urduaksent. Ordene er som regel korte, og ofte har urdu et separat ord for hvert enkelt morfem der de fleste andre språk har lengre ord som kombinerer flere morfemer. Formlæren er enkel med få former og nesten ingen uregelmessigheter. Til gjengjeld er syntaksen komplisert. Særlig finnes det en rikdom av sammensatte verbalformer som på den ene siden gjør urdu til et nyanserikt, uttrykksfullt og presist språk, men samtidig gjør det til et vanskelig språk å lære for utlendinger. En annen vanskelighet for den som vil lære språket,

er at pronomen og verb skiller mellom høflige, nøytrale og uhøflige (eller familiære) former. I tillegg finnes det en rekke høflige verb som man kan bruke i stedet for det vanlige verbet, når man vil være utsøkt høflig. En rekke urdudyrenavn har gjennom Rudyard Kiplings Jungelboken blitt kjent i Vesten: *hâthî* «elefant», *bhâlû* (baloo) «bjørn», *bandar log* «apefolket», *sher-e khan* «løve(kongen)» etc.

Urdu – et rikt litteraturspråk

Urdu er et av Sør-Asias rikeste litteraturspråk. Den første litteraturen på urdu (som den gangen ble kalt *hindi*) oppstod blant nordindiske utvandrere til de muslimske sultanatene i Sør-India, og her utviklet den seg gjennom noen hundre år før man omkring 1600 begynte å skrive litteratur på urdu i de egentlig urdudalende områder i Nord-India. Urdudiktningen opplevde en rik blomstring ved stormogulenes hoff i Delhi og ved de lokale fyrstehoffene i Lucknow og Rampur. 1800-tallets betydeligste sørasiatiske forfatter er uten tvil Asadullah Khan Ghalib (1797–1869), hvis lyrikk er et lidenskapelig og veltalende opprør imot religionens og konvensjonenes tyranni. Mange av versene hans er blitt ordspråk i India og Pakistan. Gjennom de seneste 100 år har det utviklet seg en omfattende

prosalitteratur, og særlig novellekunsten er blitt ivrig dyrket. Mohammed Iqbal (1875–1938) var en tidlig representant for den islamske renessansen. Han er oversatt til mange språk og oppfattes – med rette eller urette – som Pakistans åndelige fader. En mer rabiatt representant for den islamske renessansen var Abul Ala Mawdudi (1903–1979), som er oversatt til alle islamske litteraturspråk og mange europeiske språk, således også til norsk.

Urdu – et truet språk i India og Pakistan

Tross sin store utbredelse må urdu i dag betegnes som et truet språk. Urdu er et av Indias nitten offisielle språk, men oppfattes likevel som «pakistansk» og blir ofte motarbeidet og sjikanert av myndighetene i India. Lese- og skriveferdigheten i urdu er sterkt fallende blant muslimene i India. I Pakistan har urdu høystatus, men mangler det folkelige grunnlaget. Der-til kommer at eliten foretrekker engelsk fremfor urdu. Urdu kan således sammenliknes med en praktfull tropisk blomst som sykner i India fordi den ikke får vann nok, mens den i Pakistan står i en fornem vase på hedersplassen, men visner fordi den har fått skåret av røttene sine.

Om språkforholdene i Pakistan II

Pakistans regional- og lokalspråk

FINN THIESEN

PAKISTAN ER IKKE bare geografisk og kulturelt, men også språklig et slags mellomledd mellom India og den vestlige delen av Asia. I middelalderen så inderne på elven Indus, som flyter gjennom Pakistan fra nord til sør, som Indias vestgrense, og fortsatt følger grensen mellom indiske og iranske språk denne elven. I Indusdalen og øst for den snakkes to *nyindoariske* språk, nemlig panjabi og sindhi, som er søsterspråk til hindi og urdu. Vest for Indus snakkes to *iranske* språk, nemlig balutsji og pashto, som er søsterspråk til persisk og kurdisk. Svarende til disse fire språkene er Pakistan inndelt i fire provinser: Panjab, Sindh, Balutsjistan og Sarhad (tidligere North West Frontier Province). Panjabi, sindhi og balutsji snakkes, som navnene sier, i de tre førstnevnte, mens pashto snakkes i Sarhad.

Høyst eiendommelig er det at det i en enklave langt mot vest i Balutsjistan snakkes et dravidisk språk, nemlig brahui, som altså er et søsterspråk til tamil, som snakkes i Sør-India og på Sri Lanka. I den pakistanske delen av Kashmir (som strengt tatt ikke hører med til Pakistan) snakkes det ikke bare en rekke iranske og indiske språk, men også tibetansk, og ved Hunza-elven lengst mot nord finnes det en liten minoritet på 75 000 mennesker

som snakker det gåtefulle burusjaskisk, et språk som trolig ikke er beslektet med noe annet språk i verden. Vi skal nå se nærmere på de viktigste språkene og begynner da med det største av dem, nemlig panjabi.

Panjabi i Pakistan og India

Panjabi er ikke bare morsmål for to tredjedeler av Pakistans ca. 140 millioner innbyggere, men snakkes også av ca. 25 millioner panjabere i India, især i delstaten Panjab, samt av et stadig voksende antall innvandrere i Vest-Europa og Nord-Amerika. Panjabiskriftspråket, som er basert på dialekten i byene Lahore i Pakistan og Amritsar i India, dyrkes ivrig i India, der det er offisielt språk i delstaten Panjab, og skrives der med et eget, indisk, alfabet. I Pakistan skrives panjabi, i den grad det overhodet skrives, med arabisk skrift. Det forbløffende er nemlig at panjabi, språket til den dominerende befolkningsgruppen i Pakistan, ikke har noen offisiell status i landet, ikke læres i skolene og praktisk talt ikke brukes som skriftspråk. Det har en viss, begrenset anvendelse i radio og tv, der panjabifarser er meget populære.

Man skulle ventet at det fantes en språkbevegelse for panjabi i Pakistan som agiterte for å gjøre panjabi til offisielt språk, innføre det som skole-

språk, gi det tilbake den status som literaturspråk som det hadde i senmiddelalderen, osv. En slik bevegelse finnes da også, men den er så ubetydelig og har så liten oppslutning at man nesten kan se bort fra den. En av årsakene til dette kan være at språket står urdu så nær at det ikke er noe større problem for panjaberne å tilegne seg og bruke urdu som formelt språk. Jeg har også hørt si at dette er en del av panjabernes strategi for å dominere resten av landet. Hvis man hadde prøvd å gjøre panjabi til Pakistans nasjonalspråk, ville det blitt oppfattet som urettferdig og undertrykkende. Da satser man i stedet på urdu, som står panjabi langt nærmere enn de øvrige pakistanske språkene. Jeg tror ikke mye på den forklaringen, men synes likevel den bør nevnes.

Forskjeller mellom panjabi og urdu

Forskjellen mellom panjabi og urdu er i samme størrelsesorden som mellom dansk og skikkelig norsk landsmål, kanskje litt større. Karakteristisk for panjabi er at det har erstattet de stemte aspirerte klusiler *bh, dh, gh* etc., som vi finner i urdu og de fleste andre nyindoariske språk, med ustemte uaspirerte klusiler *p, t, k* etc., fulgt av en bestemt tonebevegelse. Panjabi er altså et tonespråk, akkurat som norsk, noe som gjør det lettere for de pakistanske innvanderne å tilegne seg den norske uttalen. Også den beryktede tjukke *l* finnes i panjabi (og også i urdu). For øvrig er panjabi et arkaisk språk som har bevart en del konsonantgrupper som er forsvunnet i urdu og andre nyindoariske språk, liksom det har bevart mange gamle sanskrit-

ord. Således er sanskritordet for «sønn» *putra* blitt erstattet med *beTa* i urdu og hindi, men heter *puttar* på panjabi.

Dialektforskjellene er store innenfor panjabi. Meget avvikende er *siraiki*, som har en del likheter med sindhi og snakkes av ca. 13 millioner mennesker i Sør-Panjab, rundt byene Multan og Bahawalpur. Etter disse byene kalles dialekten også *multani* eller *bahawalpuri*. Det finnes en meget aktiv *siraiki*-språkbevegelse, som arbeider for å få *siraiki* anerkjent som selvstendig språk, og det utgis en del bøker og tidsskrifter på *siraiki*. *Siraiki*s litterære tradisjoner går tilbake til 1700-tallets sufidiktning. Også de nordvestlige panjabidialektene avviker sterkt fra standard Lahore-panjabi, så sterkt at lingvister gjerne klassifiserer dem som et separat språk med betegnelsen «lahnda», men det er neppe mange lahndatalende som kjenner denne betegnelsen. Den mest avvikende av nordvestdialektene er *hindko*, som snakkes av ca. 3 millioner mennesker og ofte betraktes som et separat språk.

Innen jeg forlater panjabi, vil jeg gjerne begrunne stavemåtene *Panjab* og *panjabi* (i stedet for *Punjab* og *punjabi*). Den korte *a*-vokalen i nyindoariske språk som urdu og panjabi er meget forskjellig fra de vokalene som betegnes med bokstaven *a* i engelske ord som *hat, hate* og *half*, men likner noe på den lyden som betegnes med bokstaven *u* i et ord som *butter*. Det var dette som ledet engelskmennene til å gjengi den korte *a*-en i indiske ord og navn med bokstaven *u*. Etter at India og Pakistan ble selvstendige i 1947, er denne misvisende skrivemåten i det store og

hele forsvunnet. *Pushtu, Jubbulpore, Julundur* og *Putna* skrives i dag *pashto*, *Jabalpur, Jalandhar* og *Patna*, og selv en så hevdvunnen stavemåte som *Calcutta* er i ferd med å vike plassen for *Kolkata*.

Sindhi er nest størst

Det neststørste av de pakistanske språkene er sindhi, som tales av ca. 12 % av befolkningen, nesten alle i provinsen Sindh. Sindhi er et formrikt språk med mange arkaiske trekk. Det skrives med en egen variant av den arabiske skriften med mange diakritiske tegn. Språkets litterære tradisjoner går tilbake til 1500-tallet, og litteraturens største navn er Abdul Latif Bhittshah (1689–1752). I motsetning til panjaberne har sindherne en meget velutviklet språkbevissthet, og sindhi er det eneste av Pakistans lokalspråk som har en moderne litteratur av større betydning. Som i resten av Pakistan er skolespråket urdu, men motstanden mot urdu er sterk, og sindherne har fått trumfet igjennom sindhi som obligatorisk skolefag på alle klassetrinn i alle skoler i provinsen. *Sindhi* betyr egentlig «språket som snakkes ved Indus». *Sindh* er nemlig indernes betegnelsen på Indus. Også navnet India stammer fra denne kilden.

Pashto og balutsji er iranske språk

Både Pakistans tredje- og fjerdestørste språk, *pashto* og *balutsji*, er iranske språk og tilhører altså samme gren av de indoeuropeiske språkene som persisk, kurdisk og ossetisk (i Kaukasus). *Pashto* tales av ca. 10 % av befolkningen, hovedsakelig i Sarhadprovinsen. Dessuten tales språket av knapt halvdel av befolkningen i Afghanistan,

der det er offisielt språk. Det er store dialektforskjeller innenfor *pashto*. I de dialektene som snakkes i Sarhad, uttales selve ordet *pashto* som *pakhto*, og disse dialektene kalles derfor under ett for *pakhto*. [*kh* betegner her en velar spirant som *ch* i tysk *Bach*; i det internasjonale fonetiske alfabet skrives denne lyden *x*.] En *pashtotalende* afghaner betegnes som en *pashtuner*, mens en *pakhtotalende* pakistaner betegnes som en *pakhtuner*. På urdu betegnes begge med ordet *paThân*, et ord som en del nordmenn vil kjenne igjen fra *Norsk Pathanmisjon*. Blant *pakhtunerne/pathanerne* fins det en uavhengighetsbevegelse som kaller den staten de ønsker å opprette, *Pakhtunistan*. Bevegelsen har imidlertid ikke noen særlig stor oppslutning, idet *pathanernes* lojalitet først og fremst retter seg mot stammen og klanen, og det er ofte sterkt fiendskap stammene imellom. *Pashto* er et litteraturspråk med skriftlige tradisjoner tilbake til 1500-tallet. Best kjent i Vesten er den store, patriotiske dikteren Khushal Khan Khattak (1613–1689), mens de selv foretrekker de inderlige religiøse diktene til Abdur Rahman Baba (1653–1711). Folkelitteraturen er rik. Spesiell grunn er det til å nevne de særpregede *tappadiktene*, anonyme dikt på halvannen linje som i streng bunden form forteller en avsluttet historie. De fleste *tappadikt* sies å være forfattet av kvinner. *Pashto* går for å være et meget vanskelig språk å lære, og artikkelens forfatter, som selv i sin ungdom gjorde et par forgjeves forsøk, kan bekrefte dette.

